



Arkivnr: 2018/16811-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Val av revisor for Vestland fylkeskommune

#### Bakgrunn for saka:

**Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune gjorde slik vedtak i sak PS 34/18 i møte 21.09.2018:**

«Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.»*

**Det kan elles opplysast om at tilsettingutvalet har vedteke slik innstilling til fellesnemnda når det gjeld tilsetting av kontrollsjef for nye Vestland fylkeskommune. Saka skal etter planen handsamast i møte i fellesnemnda 19.12.18:**

1. *Hogne Haktorson vert tilsett i stillinga som kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.*
2. *Kontrollsjefen får ansvar for det praktiske arbeidet i samband med etablering av sekretariat for kontrollutval for Vestland fylkeskommune. I dette ligg også hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.*
3. *Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
4. *Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår. Overgangen til ny stilling skjer etter avtale med kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune. Utvalet vert leia av kontrollutvalsleiar i Hordaland.*

#### Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket i fellesnemnda 21.09.2018 har sekretariatet laga vedlagte forslag til plan for korleis anbudsprosessen bør gjennomførast. Planen er utarbeidd i samarbeid med kontrollsjefen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama tilsvarende sak i møte 20.11.2018 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande.*
2. *Kontrollutvalet ber sekretariata legge opp til endeleg val av revisor på fellesnemnda sitt møte 12. september 2019.*

Som det går fram av innstillinga frå tilsettingsutvalet til fellesnemnda 19.12.2018 er det foreslått at kontrollsjef for Vestland fylkeskommune, Hogne Haktorson, får hovudansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.

Av erfaring gjennom mange rundar med konkurranseutsetting av revisjonstenester sidan 2005, både i kommunar og Hordaland fylkeskommune, veit vi at slike prosessar tar lang tid. I dette tilfellet er det i tillegg to kontrollutval som skal verta einig om forslag til val av revisor før sak vert lagt fram til endeleg handsaming i fellesnemnda. Det gjer at det vil verta enno meir krevjande å få gjort ferdig arbeidet tidsnok til endeleg handsaming, enn det som har vore tilfelle til no.

Det er i skrivande stund uklart på kva tidspunkt det skal haldast konstituerande fylkesting hausten 2019. Det er vidare noko uklart om og i tilfelle kor lenge etter dette fellesnemnda skal fungere. Av omsyn til dette er sekretariatet av den oppfatning at det bør vera ei målsetting at sak om val av revisor for Vestland fylkeskommune vert handsama i fellesnemnda 12.09.2019, altså tilsvarende det kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort vedtak om.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at vedlagte plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune vert teken til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune